


Kva kan du bidra med?

Det aller aller viktigaste er ei positiv innstilling. For å få eit slikt prosjekt i hamn, krevst det ein stor innsats frå mange. Det er mykje lettare å få ting til dersom vi alle kan vere positive og innstilte på å drage lasset i lag.

Det ligg an til litt dugnad, og då er det sjølvstakt kjekt om du også kan stille opp. Eigeninnsats er ein del av finansieringa.

Vidare er det også ein økonomisk bit som skal på plass. Ved å kjøpe andelsbrev i hallen blir du neppe rik, men du er med på å gjere øyane våre til ein endå betre og endå meir attraktiv stad å bu!

Så ver positiv, sjå mogelegheitene og ver med å få Nordøyhallen på plass!



Felles løft

for eit aktivt samfunn!

Fleirbrukshall gir ny giv

Eit aktivt samfunn er eit samfunn der innbyggjarane har det godt. Her på øyane har vi vore kjente for det gode miljøet, og det høge aktivitetsnivået både når det gjeld kultur, idrett og dugnadsånd.

No er det på tide å legge tilhøva til rette for at denne aktiviteten skal haldast ved like. Vi trur at ein fleirbrukshall vil kunne gi mange ein ny arena der fysisk aktivitet og kunstnerisk utfolding kan gå hand i hand. Ein arena der gode relasjonar vil skape godt miljø som gjer øyane våre til ein endå betre stad å bu.

Det er lenge sidan det vart investert i nye anlegg her ute. All erfaring viser at skikkelege anlegg er viktig for å motivere til aktivitet av ulike slag.

Prosjektgruppa for Nordøyhallen inviterer no deg til å vere med på å få denne hallen på plass. I denne brosjyra får du meir informasjon om kva prosjektet går ut på, og kva mogelegheiter som ligg i ein slik hall.

Prosjektgruppa består av:

Per Olav Vedeld

Per Arne Tomren

Ivar Fjørtoft

Har du spørsmål eller kommentarar, kan du kontakte ein av desse.



Fakta om hallen

Lengde: 60 meter

Breidde: 45 meter

Mønehøgde: ca 14 meter

Sidehøgde: 5,9 meter

Areal: 2700 kvadratmeter

Konstruksjon:

Duk Sjølvberande stålkonstruksjon

Ventilasjon: Flammebeskytta PVC—duk. 850g/m²

Dekke 4 elektriske vifter skifter 1 gong pr time

Forankring: Kunstgras (kan leggest parkett opp på)

I ein kraftig ringmur av betong



Kvifor hall?

Heldigvis er det framleis høg aktivitet blant dei ulike lag og organisasjonar som vi har her ute. Men trenden er klar; det er vanskelegare å få folk ut av godstolen eller kor dei no oppheld seg. Å kome saman og gjere kjekke ting i lag, er sjølve berebelken i lokalsamfunnet.

Vi trur at det er på tide med eit felles løft. Ein ny hall vil kunne gi folk lyst til å kome seg i aktivitet, og det opnar for meir aktivitet. Samfunnshuset og Grendahuset er til tider smekk fullt. Med ein slik hall vert det plass til alle. Det vert også meir attraktivt for ungdommen å kome heim på øving og trening. Vi treng alle her ute, og det å få behalde dei unge i miljøet er svært verdifullt.

Dette er ein fleirbrukshall. Det betyr at det er berre fantasien som set grenser for bruken. HaNo har teke initiativ til å starte bygginga, men dette er absolutt eit prosjekt som har som mål å vere til glede og nytte for alle her ute.

Vi ser også gevinsten av at skulane kan få bruke hallen på dagtid. Her går det fint an å leike sisten eller spele dødball året rundt.

Vi trur at hallen vil skape ei positiv bølge av lyst til å vere i aktivitet på ulike plan. Med alle dei kreative personane vi har her ute, kan vi få til det meste.

Haram kommune har som visjon at Haram skal vere ei av dei beste kommunene å bo i. Vi reknar det som sikkert at dei ikkje kan la ein slik sjanse gå frå seg til å vere med på å skape eit endå betre oppvekst—og bumiljø på øyane.



Økonomi

Hallen har ein totalkostnad på 7,2 millionar kroner. Dette inkluderer grunn, grunnarbeid, hall og kunstgrasdekke. Det er også tankar om å investere i eit brukt parkettdekke som vil koste nokre kroner ekstra. Hallen er tenkt finansisert slik:

HaNo	1 000 000
Haram kommune	3 500 000
Spelemidlar	1 000 000
Dugnad	350 000
Andelskjøp	200 000
Næringsliv (gåver/reklame)	1 168 500
Sum	7 218 500

Plassering

Hallen er tenkt plassert i nærleiken av Haramsøy skule.



Andelsbrev

Som eit ledd i å få finansiert prosjektet, vert det invitert til å kjøpe andelsbrev i hallen. Målet er å få selt minimum 200 andelsbrev à 1000,- kr. Første sjanse til å få kloa i desse nummererte andelsbrev, vert no i romjula. Då vil det verte standar på dei to COOP—butikkane her ute.

Tysdag COOP Haramsøy 12.00—15.00
Onsdag COOP Longva 11.00—14.00


Der vil du få informasjon om prosjektet, og du kan spørje om det du eventuelt måtte lure på.

Pengane frå salget av andelsbrev, vil gå inn på ein sperra konto.

Kontonummer: 3910 36 59268

Mogelege aktivitetar

Ein slik fleirbrukshall kan brukast til det aller meste. Under har vi berre nemnt nokre aktivitetar for å vise spennvidda. Med vår kreativitet og evne til å samarbeide, kan dette verte ein hall til glede for svært mange.



Klatrevegg

Mange slike hallar inneheld ein klatrevegg på eine kortveggen. Klatring er ein allsidig aktivitet, som trenar både koordinasjon og styrke. Passar godt for både barn og vaksne, unge og eldre.



Mosjonstrim

På vintertid kan det vere aktuelt å bruke hallen til mosjon. I staden for å gå turar på glattisen, kan dei leggst innandørs.



Biltreff

Treff av ulike slag, som td biltreff, kan passe fint å ha i ein slik hall. Ein stor port gjer det lett å få bilar/utstyr ut og inn, og det er mogleg å berre køyre doningane rett inn på kunstgraset. Dermed vil treffa kunne avviklast uansett ver.

HaNo—dagane kan også arrangerast her. Eller kva med eit Haramstreff med vergaranti?



Golf

Inne i hallen går det fint an å trene putting og utslag på vinterstid.

Andre moglege aktivitetar:

- Turn & fridrett (idrettarrangementer)
- Trimløp
- Aerobic
- Tennis
- Tae Kwon Do
- Badminton
- Innebandy



Hallidrettar

Det er tanke om å kjøpe ein brukt parkettgolv på 40*20 meter. Det opnar for å drive hallidrettar som handball, volleyball, badminton o.l



Fotball

For både små og store vil hallen gje flotte treningstilhøve vinterstida. Det vert slutt på tida med trening i gjørme og slaps på grusbana. Det er også mogleg å halde miniturneringar her.

Andre moglege aktivitetar:

- Bordtennis
- Basketball
- Lufgeværskyting (Sæberget skytterlag)
- Radiobiler
- Moglegheiter for korps (Haramstreff), kor, storband, stordans, konsert, store julebord
- Revy, teater, skule Grand Prix og Ungdommens Kulturmønstring (UKM)